

M Ø T E B O K

for

KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

MØTETID: 27.11.2014 kl. 08.30 – 10.05

MØTESTAD: Hareid rådhus, formannskapsromet.

MØTEDELTAKARAR:

Kontrollutvalet:

Jarl Helmut Schröder (leiar)
Greta Kirkebø (nestleiar)
Inga Ishild Hareide (medlem). Frå sak
36.
Hallvard Sæverud (medlem)

Vara som møtte:

Modulf Røyset

Faste medlemer som ikkje møtte:

Linda Haddal Røssevoll (medlem)

Vest kontroll:

Jostein Støylen (dagleg leiar)
Ida Birgitte Marholm (sekretær)

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide (dagleg leiar/revisjonssjef)
Alf Marius Grønnevik (Forv.evisor)

Hareid kommune:

Ingen

Andre som møtte:

Ingen

Møtet var leia av:

Jarl Helmut Schröder

SAKLISTE

SAK 33/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN

SAK 34/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE
MØTE

SAK 35/14 MELDINGAR

SAK 36/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

SAK 37/14 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON –
VURDERING AV SJUKEFRÅVERET I HAREID KOMMUNE

SAK 38/14 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON –
ØKONOMISTYRING OG BUDSJETTOPPFØLGING I HAREID
KOMMUNE

SAK 39/14 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

SAK 40/14 OPPFØLGINGSLISTE

SAK 33/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Greta Kirkebø.

SAK 34/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet den 25.09.2014 vert godkjent.

SAK 35/14 MELDINGAR

Meldingar:

1. E-post frå Bodill Skeide, av 03.10.2014: Årsverk Hareid kommune
2. Møre, 01.11.2014: «Fylkesmannen varslar tilsyn i barnevernstenesta»
3. Møre-Nytt, 01.11.2014: «Varslar tilsyn med barnevernet»

Samrøystes vedtak:

Meldingane 1-3 vert tekne til orientering.

SAK 36/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret:	25.09, 23.10, 20.11
Formannskapet:	13.10, 23.10, 10.11, 17.11
Levekårsutvalet:	30.09
Nærings- og miljøutvalet:	28.10
Valstyret	10.11

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.
- 2, Kontrollutvalet ber sekretariatet gjennomgå B-protokollar og evt. varsle kontrollutvalet ved «avvik»

SAK 37/14 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – VURDERING AV SJUKEFRÅVERET I HAREID KOMMUNE

Vårt skriv til rådmannen av 08.04.2014.

Tilbakemelding frå rådmannen, av 05.11.2014.
Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av sjukefråveret i Hareid kommune

Saksopplysningar/saksutgreiing:

Kommunestyret gjorde 26.01.2012, i sak PS 11/12 slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek til etterretning forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av sjukefråveret i Hareid kommune.
2. Kommunestyret vedtek at, revisjonen sine anbefalingar, jf. Rapporten pkt. 4, skal fylgjast.

Revisor si anbefaling med rådmannen si tilbakemelding:

Rapporten pkt. 4, side 24

4.1 Sjukefråver

Tilrådingar:

Hareid Kommune må få løns- og personalsystemet til å fungere tilfredstillande med omsyn til registrering av sjukefråveret, slik at dei kan klare å oppfylle krava til statistikk over alt sjukefråveret; eigenmeldt, legemeldt og fråver ved born sin sjukdom. Kommunen må få programleverandør på bana for å gjere dei nødvendige endringane.

For å få ei betre oversikt over kva type legemeldt fråver ein har, bør Hareid Kommune vurdere å innføre ei fråverskode til. Ein vil då ha ei fråverskode for legemeldt fråver under 16 dagar, og ei kode for legemeldt fråver over 16 dagar. Får ein på plass eit system som fungerer vil ein då få betre kontroll på kva fråver ein har, og dermed vere betre rusta til å sette i verk dei rette tiltaka for å kunne redusere fråveret.

Rådmannen v/personalleiar si tilbakemelding:

Agresso er kommunen sitt løns- og personalsystem. Agresso er blant anna også nytta av kommunane Herøy, Ulstein, Volda, Ørsta, Sande og Vanylven i fellesskap med Hareid. Agresso leverer data ut til sentrale aktørar. I vedlegg 1 «Tabell 8: Sykefraværspresenter for perioden 2. kvartal 2013-1. kvartal 2014.Hareid kommune. Kilde: PAI/KS», kan de som eit døme sjå kva data systemet leverer ut og som oppfyller sentrale krav.

Hareid kommune meiner datasystemet er godt nok til å oppfylle krava om registreringar. Det er tvilsamt at innføring av ei fråverskode til kan ha innverknad på reduksjon av sjølve sjukefråveret.

Hareid kommune har relativt låge fråværstal samanlikna med landets kommunesektor i vedlegg 2 «Diagram 14: Utvikling i samlet sykefravær. Hareid kommune. Kilde: PAI/KS», vil de sjå korleis fråvær i Hareid kommune har utvikla seg frå 2002 då IA-avtalen kom på plass og fram til 2014.

Frå 2014 nyttar kommunen statistikk frå KS som via datainnsamling to gongar i året utarbeider fråværsstatistikkar for alle landets kommunar. Vi får då ein overordna statistikk som tek for seg alle parameter. På bakgrunn av dette vil vi per d.d. meine at datasystemet er godt nok slik det er, og anbefalingane er tatt til vitande og vi syner at fråværskoder/-typar er oppfylt tilstrekkeleg.

4.2 Oppfølging av sjukmelde medarbeidarar

Tilrådingar:

Hareid Kommune må oppdatere ”Rutiner for oppfølging av sjukmeldte i Hareid Kommune” slik at dei tilfredstiller lov og regelverk, blant anna med omsyn til krava som gjeld oppfølgingsplan og dialogmøte 1.

Rådmannen v/personalleiar si tilbakemelding:

Hareid kommune vil gjere endring i HMS-systemhandbok når det gjeld oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Arbeidsmiljøutvalet får denne saka i hende til 18.11.2014, med utgangspunkt i å formelt nytte til ei kvar tid gjeldande regelverk om oppfølging av sjukmelde i IA-avtalen. Denne er siste gong endra 01.07.2014.

Leiarar i kommunen nyttar dette i sitt daglege virke, med jamnlege møter med NAV arbeidslivssenter, NAV lokalt, i samarbeid med bedriftshelseteneste m.m.

http://www.arbeidstilsynet.no/binfil/download2.php?tid=91759_

4.3 Overtid/vikartimar

Tilrådingar:

Kommunen bør vurdere å opprette ein eigen konto for variable tillegg knytt til dei ulike vikarkontoane, slik at ein får tydeleggjort alle kostnadane ein har til td. sjukevikar. Ein vil då ha ein konto for variable tillegg sjukevikar, ein for variable tillegg ferievikar og ein for variable tillegg vikarar.

For å gjere det lettare å kontrollere koplinga mellom lønssystemet og rekneskapet bør det ikkje vere mogleg å overstyre lønsartane.

Kommunen bør vere bevisst på kontobruken slik at kostnadane går til rett konto, og rekneskapen viser dei faktiske kostnadane knytt til blant anna sjukevikar.

Rådmannen v/personalleiar si tilbakemelding:

Vi har drøfta dette ut frå vurdering av kost-/nytte. Vi er samde i at kommunen sine om lag 30 leiarar som har delegert ansvar og myndigheit innanfor det å ha personell under seg må vere medvitne i forhold til å registrere lønskostnader som gjeld sjukefråvær på rett konto. Den nest største sektoren vår som er velferd nyttar forsystemet MinVakt inn mot Agresso. Å bygge om i to datasystem for å oppfylle desse anbefalingane ser vi som for krevjande i forhold til målet: bevisst kontobruk for kostnader knytt til sjukevikarar. Det er ingen garanti for at fleire kontoar vil føre til meir reel registrering. Opplæring synast å vere meir motiverande.

Avslutning

Diskusjonen og avklaringane i møtet vil avgjere om kommunestyrevedtaket vedkomande rapporten er følgt opp på ein tilfredsstillande måte frå rådmannen.

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet etterlyser betre dokumentasjon for og betre systemoppfølging for å få ned sjukefråværet, i dette ansvars plasseringa for oppfølging av pkt 2 i Kommunestyresak PS 11/12.
2. Kontrollutvalet vil deretter ta saka opp til ny vurdering.

**SAK 38/14 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON –
ØKONOMISTYRING OG BUDSJETTOPPFØLGING I HAREID
KOMMUNE**

Vedlegg:

Vårt skriv til rådmannen av 05.05.2014.

Tilbakemelding frå rådmannen, av 19.10.2014.

Forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomistyring og budsjettoppfølgning i Hareid kommune

Saksopplysningar/saksutgreiing:

Kommunestyret gjorde i sak PS 22/14 slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomistyring og budsjettoppfølgning i Hareid kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. Rapporten pkt. 7 side 48, skal fylgjast/ utførast.
3. Kommunestyret vedtek at det skal rapporterast tertialvis i staden for kvartalsvis, då ein no har gått over til månadsrapportering til formannskapet.
4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 17.10.2014

Oppfølging av vedtak

Rådmannen sin kommentar:

Delansvar for oppfølging av kommunestyrevedtaket har vore delegert til økonomileiar og til kommunalsjefane. I tillegg har også rådmannen både delansvar for sin driftsportefølje samt totalansvaret i høve oppfølginga.

Kommunestyret sitt vedtak i fire punkt fører med seg eit oppfølgingsansvar for rådmannen i høve tre av punkta.

Rådmannen legg no fram tertialrapportar til politisk handsaming og utfører såleis instruksen gitt i punkt 3 i vedtaket.

Rådmannen utfører også med dette skrivet, instruksen i punkt 4 i kommunestyret sitt vedtak.

Når det gjeld punkt 2 i vedtaket, som pålegg rådmannen å følgje revisor sine anbefalingar, sjå lenger ned.

Revisor si anbefaling med rådmannen si tilbakemelding:

Rapporten del 7. Side 48

1 Rapportering av forpliktande plan

Tilrådingar:

Kommunen bør vurdere å innføre rapportering av forpliktande plan som ein del av den økonomiske rapporteringa som går til politisk behandling.

Rådmannen sin kommentar:

I punkt 1 i revisor si anbefaling har det frå rådmannen si side, vore gitt beskjed om at kommunalsjefane skal syte for at rapportering på forpliktande plan skal inkluderast i deira

kommentarar til økonomirapportane. Rådmannen gjer også dette sjølv, for sitt driftsansvarsområde. Rådmannen har i leiarmøta drøfta og gitt retningslinjer i høve dette, men retningslinjene har enno ikkje vore evaluert. I høve siste tertialrapport registrerer ein at dette enno ikkje er fullt på plass i alle sektorane og rådmannen vil her be om ei innskjerping.

2 Periodisering

Tilrådingar:

Kommunen bør vurdere å innføre periodisering av rekneskapen i høve kvartalsrapportering slik at økonomirapporten sitt rekneskapsskjema 1 A og 1 B gir ei prognose av drifta som samsvarer med sektorane/einingane sine prognosar og verbale skildringar.

Rådmannen sin kommentar:

I høve punkt 2 i revisor si anbefaling, har det vore uklart for kommuneadministrasjonen, korleis ein skal forstå denne anbefalinga. Kort tid etter at forvaltningsrevisjonsrapporten blei kjent for rådmannen, fekk ein fagperson på økonomiavdelinga i oppdrag å ta kontakt med revisor for å klare opp i dette punktet. Dette har ikkje blitt følgd opp som føresett, då vedkomande no har vore sjukmeld i lang tid med ein tidshorisont som har flytta seg stegvis. Det har vore vanskeleg å føresjå varigheita av sjukmeldinga og det er det fortsatt. Rådmannen har no difor tatt initiativ til eit møte med revisor m.fl. for å etablere sams forståing på dette punktet. Møtet vert avvikla seinare denne månaden og ein reknar med at dette vil vere oppklarande.

Kommentar frå sekretariatet:

Oppklaringsmøte vart halde 30.10.14. Desse var til stades: Jarl Schröder (kontrollutvalet), Bodill Skeide (revisjonen), Bent Arild Grytten (rådmann), Helge Leikanger (rekneskap), Trude Dalen (kst. økonomileiar).

Sekretariatet har fått tilbakemelding frå revisor om følgjande;

Forpliktande plan: Kommunen vil vurdere om det er muleg med meir detaljert rapportering av forpliktande plan i høve tertialrapportering, dvs rapportering på det einskilde tiltaket som er vedteke i den forpliktande planen, og på stikkordbasis angi måla med planen, kva som er gjort/ikkje gjort med tiltaket og evt det økonomiske effekten av tiltaket.

Økonomisk rapportering: Det vart avklart kva revisjonen legg i omgrepet periodisering, eller anordningsomgrepet som vert nytta i off. sektor, dvs at alle kjente inntekter og utgifter som er påløpt på rapporteringstidspunktet skal vere med/teke omsyn og vurdert i forhold til budsjett. Revisjonen skisserte alternative løysingar som administrasjonen kunne vurdere for å få rapporteringsskjema 1 A og 1 B til å syne det faktiske resultatet på rapporteringstidspunktet, og ikkje berre avvik mellom budsjett og rekneskap.

Rapportering frå resultateiningsleiar til økonomiavdelinga: Det vart diskutert mulege måtar å rapportere økonomisk informasjon (talfesta og felles mal), og evt opplæring for å få felles forståing.

3 Opplæring

Tilrådingar:

Gjennomføre meir opplæring av nye einingsleiarar mtp. økonomi- og budsjettoppfølging.

Rådmannen sin kommentar:

I høve punkt 3 i revisor si anbefaling, vart det i vår halde eit kurs i bruk av Agresso, der alle med budsjettansvar vart kalla inn. Vi hadde og planlagt eit oppfølgjingskurs før

budsjettarbeidet starta. Dette måtte dessverre utsettast då kurshaldar (same fagperson som nemnt ovanfor) vart sjukmeldt og berre var inne ein kort periode i haust. I samband med budsjettarbeidet har vi likevel hatt eit møte, der alle med budsjettansvar vart kalla inn. Hensikta med dette møtet var dels å stimulere og å legge til rette for at dei budsjettansvarlege kan få større kunnskap om budsjettarbeid / oppfølging og større eigarskap til sitt eige budsjett. Møtet var og nyttig for oss som koordinerer budsjettarbeidet. Det vart ved dette høvet ikkje lagt vekt på kursing i bruk av sjølv programvaren. Opplæring er etterspurd av dei budsjettansvarlege og vi vil syte for at det blir etablert regelmessige læringsarenaer, så snart vi har høve til det.

4 Revidering av økonomireglement

Tilrådingar:

Revidere økonomireglement mtp. rapporteringsrutine og kva rapportar som skal utarbeidast, samt komplettere rutinehandbok.

Rådmannen sin kommentar:

Vi har for tida svært knappe ressursar på økonomiavdelinga. Det er naturleg at ansvaret for punkt 4 ligg på økonomiavdelinga. Økonomiavdelinga slit for tida med langtidssjukmeldingar på to medarbeidarar og dette har vore ein situasjon som til dels har vedvara det siste halve året. Det er vanskeleg å få tak i kvalifiserte vikarar og det vert ikkje lettare av at vi ikkje har ein gitt tidshorison å halde oss til. Det har difor vore vanskeleg å prioritere noko særleg utover den daglege drifta i denne perioden. Rådmannen ser verdien av å ha god kvalitet på systemnivået og vil prioritere dette når personalsituasjonen er stabilisert.

5 Rapportering meirforbruk

Tilrådingar:

I høve rapportering til kommunestyret om meirforbruk bør det fremmast forslag om budsjettregulering, tiltak evt. forslag til tiltak for å kunne oppnå økonomisk balanse jfr. krav i kommunelova og tilhøyrande budsjettforskrifter.

Rådmannen sin kommentar:

I samband med begge tertialrapportane i år, har det vore utarbeidd sak om budsjettrevisjonar. Ein ser det slik at budsjettrevisjonane har vore adekvate både med omsyn til innsparingstiltak og omfordeling av budsjettmidlar. Rådmannen meiner såleis at anbefalinga i punkt 5 vert handtert på ein tilfredsstillande måte.

Avslutning

Diskusjonen og avklaringane i møtet vil avgjere om kommunestyrevedtaket vedkomande rapporten er følgt opp på ein tilfredsstillande måte frå rådmannen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet meiner rådmannen så langt, ut frå rådande forhold, følgt opp kommunestyresak PS 22/14 Forvaltningsrevisjon – Økonomistyring og budsjettoppfølging i Hareid kommune på ein tilfredsstillande måte.

SAK 39/14 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Saksopplysningar/saksutgreiing:

Kommunestyret har i plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 sett opp desse prosjekta:

1. Økonomistyring og budsjettoppfølging
2. Pleie og omsorgsområdet (rehabilitering, institusjonsplassar og heimetenesta. Overtidsbruk, heile stillingar i høve til deltidsstillingar (stillingsprosentar))
3. Konsekvensane for manglande vedlikehald av kommunale bygg
4. Kompetanseutvikling og rekruttering
5. Grunnskule spesialundervising/PP teneste

Kontrollutvalet har fått utført og behandla forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomistyring og budsjett, generelt, men med spesiell vekt på pleie- og omsorgssektoren. Dette inneber då at ein også delvis har vore inn om prosjekt på pleie og omsorgsområdet (prosjekt 2). I tillegg har det blitt utført eit prosjekt innan barnevern. Dette var eit prosjekt utanom vedteken plan.

Spørsmålet er no kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein skal bestille:

Pleie og omsorgsområdet, konsekvensar for manglande vedlikehald av kommunale bygg, som er eit prosjekt revisjonen har utført i mange kommunar. Prosjekt 3.

Eit prosjekt innan kompetanseutvikling og rekruttering. Prosjekt 4.

Eit prosjekt innan grunnskule spesialundervising/PP teneste. Dette er eit prosjekt revisjonen har og helt på og utføre i fleire kommunar. Prosjekt 5.

Prosjektet ein truleg får mest igjen for er enten prosjekt 3 eller prosjekt 5.

Vi tek ei drøfting i møtet saman med revisjonen, for å finne fram til kva prosjekt som er mest tenleg å starte opp med no.

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet har til hensikt å bestille eit forvaltningsprosjekt på området grunnskule spesialundervising/PP teneste ber revisjonen å utarbeide prosjektplan.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjekta Konsekvensar for manglande vedlikehald av kommunale bygg og Kompetanseutvikling og rekruttering vert vurderte som aktuelle prosjekt i neste planperiode. Prosjekt innan barnevern er også eit prosjekt som bør vurderast i neste planperiode.

SAK 40/14 OPPFØLGINGSLISTE

Vedlegg:

Oppfølgingsliste

Saksopplysningar/saksutgreiing:

Det vert gjennomgang av oppfølgingslista i møtet.

Samrøystes vedtak:

Oppfølgingslista vert teken til vitende.

Møtet slutt.

Jarl Schröder

Greta Kirkebø

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**